

# Notat

Går til: Styremedlemmer  
 Føretak: Helse Vest RHF  
 Dato: 28.02.2011  
 Frå: **Administrerende direktør**  
 Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**  
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 17.01.11 - 27.02.11**

**Administrerende direktør si orientering pkt 4  
 Styresak 028/11 O**

**Styremøte 15.03. 2011**

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 17.01.11 – 27.02.11
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

## Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen		Ingen saker i perioden.	
Statens helsetilsyn	03.02.10	<p>Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har med bakgrunn i mottekne opplysingar oppretta tilsynssak knytt til tilhøva ved Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH) i Helse Førde. Helsetilsynet uttalar i brevet at drifta ved UPH ikkje stettar kravet til forsvarleg verksemd som følgjer av spesialisthelsetenestelova § 2-2, og ber om eit møte med Helse Vest.</p> <p>Møtet blei halde 25.02.2010.</p> <p>Det blei i møtet semje om følgjande oppfølging:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Drifta må bli brakt i samsvar med krav til forsvarleg verksemd snarast.</li> <li>• Fram til 15. juni 2010 må det bli gjort ein vurdering med omsyn til korleis eit meir robust og berekraftig tilbod kan bli utforma</li> </ul>	
	15.03.10	<p>I brev frå Helsetilsynet blir det vist til dei strakstiltaka som vil bli sette i verk for å bringe verksemda i samsvar med krava til forsvarleg verksemd og milepælar i arbeidet med å sikre ein robust drift av UPH. Helsetilsynet avventar ei ny tilbakemelding innan 15.06.10. Helse Førde skal sikre drifta medan Helse Vest RHF skal sørgje for å</p>	

		rapportere innan fristen 15.06.10.	
	02.07.10	Med bakgrunn i Helse Vest si tilbakemelding ved brev av 24. juni 2010 uttalar Helsetilsynet at dei tek vurderingane til vitande og at ein ikkje har vesentlege merknadar. Helsetilsynet vil avvente ei nærare konkretisering i løpet av hausten når nødvendige utgreingar er gjort og vedtak er fatta.	
	28.12.10	Helsetilsynet etterlyser konkretiseringa som skulle gjerast i løpet av hausten.	
	09.01.11	Brev frå Helse Vest RHF som mellom anna inneheld følgjande vurdering:  Med bakgrunn i dei prinsipp som styret i Helse Førde la for utvikling av tilbodet, jf styresak 40/10, blir no talet på plassar redusert til 4-5 og talet på tilsette blir justert i høve til dette. Tilbodet blir framleis lokalisert i Førde. Det blir inngått ein samarbeidsavtale med Helse Bergen om fagleg bistand.  Det er også viktig at den ungdomspsykiatriske avdelinga og poliklinikkane no er samla i ei eining med felles leing. Det er rekruttert inn viktig nøkkelpersonell. Samstundes har ein ikkje klart å få til ei fast tilsetning av barnepsykiatar i heil stilling. Det er uheldig at Helse Førde framleis må basere seg på midlertidige ordningar med utlån av personell frå andre einingar.  Det må framleis vere fokus på rekruttering både ved fornya utlysing og gjennom langsiktige rekrutteringstiltak med tilrettelagte utdanningsprogram i regionen.  Helse Vest konstaterer at det så langt ikkje har lukkast å skape ein stabil situasjon med fast tilsett barnepsykiatar. Helse Vest har likevel tillit til at Helse Førde evnar å gi eit forsvarleg tilbod. Ein samarbeidsavtale med Helse Bergen vil styrke grunnlaget for dette. Helse Vest vil halde fram med ei tett oppfølging av saka.	
	01.02.11	I brev frå Helsetilsynet blir det peikt på at UPH er i ein svært sårbar situasjon i forhold til å ha god nok bemanning til å drive fagleg forsvarleg, men med dei grep som er gjort, meiner Helsetilsynet at drifta ved UPH kan halde fram.  Saka vil bli følgd nøye, og det blir bedt om ny statusrapport om bemanning samt planer for vidare sikring av forsvarleg drift innan 1. september 2011.	
<b>Arbeidstilsynet</b>		Det er ikkje motteke saker frå Arbeidstilsynet i perioden.	
<b>Datatilsynet</b>		Det er ikkje motteke saker frå Datatilsynet i perioden.	
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	07.05.10	Klage på avvisning i anbuds konkurranse om kjøp av kirurgiske tenester.  Bergen Kirurgiske Sjukehus er avvist frå konkurransen innan fagområdet plastikk kirurgi og har påklaga denne avvisninga.	Kontrakt er inngått, avgjerd i nemnda føreligg ikkje.
	07.05.10	Klage på avvisning i	Kontrakt er inngått, avgjerd i

		<p>anbudskonkurranse om kjøp av kirurgiske tenester.</p> <p>Colosseumklinikken Stavanger er avvist frå konkurransen innan fagområdet generell kirurgi og har påklaga denne avvisninga.</p>	nemnda føreligg ikkje.
	12.07.10	<p>Klage frå øyelege Morten Neset vedrørende anbuds konkurranse for kjøp av kirurgiske tenester frå privatpraktiserande spesialistar. Klagen gjeld manglande innsyn og at tilbudet frå den aktør som vant konkurransen innanfor området øye, skulle ha vore avvist.</p>	Kontrakt er inngått, avgjerd i nemnda føreligg ikkje.
<b>Sivilombudsm.</b>	Det er ikkje motteke saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		

## Del 2

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
<b>Riksrevisjonen</b>		Det er ikkje motteke saker i perioden.	
<b>Statens helsetilsyn</b>	26.02.10	Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Førde HF vedrørende oppfølging av "sørgje for"-ansvaret. I brevet blir helseføretaket bedt om å gi ei vurdering av om utstyrssituasjonen i føretaket har ført til og kan føre til uønska hendingar eller periodar med uforsvarleg tenestetilbod.	
	23.03.10	Helsetilsynet kan ikkje sjå å ha motteke vurdering som førespurd og etterspør denne.	
	16.04.10	Helsetilsynet viser til svarbrev frå Helse Førde datert 09.04.10. Helsetilsynet har ikkje merknadar til helseføretaket si oppsummering, men saknar ei samla, grunngjeve vurdering av korleis Helse Førde vurderer situasjonen i forhold til lovkrava og ber om ei slik vurdering innan tre veker.	
	10.06.10	<p>Helsetilsynet har bedt Helse Førde om å leggje fram ei risikoanalyse der tryggleik og kapasitet blir vurdert. Frist er sett til 15. oktober 2010.</p> <p>Helse Vest har fått opplyst av Helsetilsynet i Sogn og Fjordane at risikoanalysa er til vurdering hos Tilsynet.</p>	
	09.03.10	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikkk for psykisk helsevern, Seksjon for spesialisert behandling, Spesialpoliklinikk. Psykiatrisk ungdomsteam. Ved tilsynet blei det påpeikt eit avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Nødvendig og kvalitetssikra informasjon blir ikkje alltid gitt til tilvisande instans og oppfølgingsansvarleg når behandling i psykiatrisk ungdomsteam reelt er avslutta.</li> </ul> <p>Helse Fonna vil evaluere dei tiltak som er sett i verk for å rette avviket. Helsetilsynet har bedt om å få resultatet av evalueringa innan 25. oktober og vil då vurdere om tilsynet kan bli avslutta.</p>	

	12.02.11	<p>Helse Vest har fått opplyst av Helsetilsynet i Hordaland at Helse Fonna har fått ny frist til 15.2.11.</p> <p>Helsetilsynet viser til brev frå Helse Fonna av 3. februar 2011 med evaluering av tiltak som er gjennomførte for å rette avviket. Det blir opplyst at det ikkje er grunn til vidare oppfølging frå tilsynet si side og saka er med det avslutta.</p>
	07.09.10 20.01.11	<p>Varsel om tilsyn ved Stavanger Universitetssjukehus, Psykiatrisk divisjon 1. – 3. desember 2010. Akuttpsykiatrien si handtering av sjølv mordtruga pasientar.</p> <p>Oversending av rapport frå tilsynet. Ved tilsynet blei det påpeikt eitt avvik frå krav i helseovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• SUS sikrar ikkje at alle pasientar med sjølv morderisiko i Spesialavdeling for vaksne blir forsvarleg ivareteke.</li> </ul> <p>Helse Stavanger er gitt frist til 1. april 2011 med å gjere greie for kva tiltak helseføretaket vil setje i verk for å rette avvika.</p>
	21.10.10 15.12.2010 19.12.2010	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Medisinsk klinikk Haugesund sjukehus. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå krav i helseovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Fonna, Medisinsk klinikk sørgjer ikkje for at alt helsepersonell som skal delta i behandling av slagpasientar i post 5 får relevant fagleg oppdatering. Sjukehuset har lite spesialkompetanse til å ivareta pasientar med språkvanskar.</li> <li>• Rutinar for systematisk tverrfagleg samarbeid er mangelfulle. Andre rutinar blir ikkje alltid følgde.</li> </ul> <p>Helse Fonna gav i brevs form tilbakemelding til Helsetilsynet om arbeid som er sett i gang for å rette manglar som blei påpeika ved tilsynet</p> <p>Helsetilsynet ber Helse Fonna om ei evaluering av tiltaka innan 15.5.11.</p>
	29.10.10 29.11.10 13.12.10	<p>Helse Førde HF. Varsel om pålegg. Tilsynssak knytt til bemanning og kompetanse ved ambulansetenesta i Helse Førde.</p> <p>I brevet blir det gjort greie for saka si bakgrunn og helsetilsynet sine vurderingar. Statens helsetilsyn vurderar å pålegge helseføretaket å etablere ein bemanning av ambulansetasjonane i Vik, Fjaler, Balestrand, Bremanger og Lavik i tråd med krava i akutforskrifta § 17. nov.</p> <p>Helse Førde er gitt ein frist på fire veker til å gjere greie for korleis helseføretaket vil sikre at ambulansetenesta blir bemanna og drifta i tråd med gjeldande myndigheitskrav.</p> <p>Svarbrev frå Helse Førde HF. I brevet blir det gjort greie for dei strakstiltak og langsiktige tiltak som er set i verk.</p> <p>Statens helsetilsyn har gitt Helse Førde pålegg om å sikre at bemanninga av ambulansane i helseføretaket er i samsvar med krava i akutforskrifta § 17. Pålegget gjeld frå 13.12. 2010. Som ledd i pålegget skal Helse Førde rapportere bemanningsoversikt kvar veke for dei einskilde ambulansar ved alle ambulansetasjonane i helseføretaket.</p>

	15.12.10	<p>Samtidig er det varsla at helsetilsynet med verknad frå 1. januar 2011 vil gi Helse Førde dagbøter etter spesialisthelsetenestelova § 7-2 ved manglande etterleving av pålegget. Dagbøtene er sett til kr. 10.000,- per vakt per ambulanse.</p> <p>Brev frå Helsetilsynet med avklaringar vedrørande pålegg og varselet om tvangsmulkt.</p> <p>Helse Vest peikar i styringsdokumentet for 2011 særskilt på Helse Førde sitt ansvar for å oppfylle kompetansekrava i ambulansetenesta.</p>
	10.11.10	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Klinikk for psykisk helsevern, Seksjon for spesialisert behandling, akuttposten og post for eteforstyrningar og ECT. Ved tilsynet blei det påpeikt to avvik frå krav i helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Fonna sørgjer ikkje for at personell i akuttpost og post for eteforstyrningar og ECT får nødvendig opplæring om interne rutinar og bruk av arbeidsverktøy.</li> <li>• Helse Fonna, Klinikk for psykisk helsevern har ikkje etablert rutine som sikrar at meldingar til barnevernet blir framsende.</li> </ul> <p>Helse Fonna er gitt frist til 15. januar 2011 med å gjere greie for kva tiltak helseføretaket vil setje i verk for å rette avvika.</p> <p>Helse Vest har fått opplyst at Helse Fonna har fått utsett fristen til veke 4.</p>
	29.01.11	<p>Helsetilsynet viser til brev frå Helse Fonna 20. januar 2011 der det er opplyst om kva som er gjort og korleis rutinane nå skal vere for å unngå svikt. Tilsynet konkluderar med at tiltaka er konkrete og at ansvaret for gjennomføring og oppfølging er plassert. Tilsynet er med det avslutta.</p>
	15.11.10	<p>Varsel om tilsyn ved Jæren DPS, post K1 og K2. Handtering av sjølvordstruga pasientar.</p>
	10.01.11	<p>Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF, Haukeland Universitetssjukehus, Augeavdeling 24.11.10 og 01.12.10. Ved tilsynet blei det påpeika to avvik frå helselovgjevinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Helse Bergen HF, Augeavdelinga gir rett til prioritert helsehjelp til for mange pasientar og samstundes får ikkje alle pasientar med rett til prioritert helsehjelp slik hjelp innan satt frist.</li> <li>• Det er uklart for leger som vurderer og prioriterer tilvisingar kva ansvar dei har for å følgje med og ha kontroll med pasientar som vente på behandling.</li> </ul> <p>Helse Bergen er gitt frist til 15. mars 2011 med å gjere greie for kva tiltak helseføretaket vil setje i verk for å rette avvika.</p>
	24.02.11	<p>Varsel om pålegg – turnusplass for ein ekstra turnusfysioterapeut 15.08.11 – 01.11.11. Brev med oppmoding om å tilby ein ekstra turnusplass for det aktuelle tidsrommet. Det kan bli aktuelt å be SAFH om å gje pålegg til Helse Vest om å opprette turnusplassen.</p> <p>Svarfrist er sett til 7. mars 2011.</p>
<b>Helsetilsynet i Rogaland</b>	08.02.2011	<p>Tilsynssak mot lege, påvist pliktbrøt</p>

<b>Arbeidstilsynet</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Datatisynet</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Statens strålevern</b>		Det er ikkje registrert nye saker i perioden.	
<b>Klagenemnda for offentlige anskaffingar</b>	26.02.10	Helse Bergen HF. Klager har delteke i ein open anbodskonkurranse for inngåing av rammeavtale om blikkenslagar- og taktekkartenester. Klager hevder at Helse Bergen har brote regelverket ved å avvise klager sitt tilbod.	Kontrakt er inngått, avgjerd i nemnda føreligg ikkje.
	07.07.10	Helse Bergen. Klage frå Norsk laboratorieleverandørers Forening. I klagen blir det hevda at Helse Bergen har gjort ei ulovleg direkte anskaffing av analyseinstrument innan medisinsk biokjemi.	Kontrakt er inngått, avgjerd i nemnda føreligg ikkje.
	08.11.10	Helse Fonna har gjennomført ein open anbodskonkurranse om totalentreprise for oppgradering av operasjonsstove til ein integrert avansert operasjonsstove ved Haugesund Sjukehus. Klager hevdar at klager urettmessig blei avvist som følgje av at kvalifikasjonskravet "Referansar" ikkje var oppfylt. Klager hevdar vidare at det ikkje var mogleg å stille det aktuelle kvalifikasjonskravet fordi dette favoriserer større firma.	Kontrakt er inngått, avgjerd i nemnda føreligg ikkje.
	11.11.10	Helse Bergen. Klage frå VIP Noreg AS. Klager hevdar at Helse Bergen, ved å inngå kontrakt om transportoppdrag utan kunngjering, har gjennomført ein ulovleg direkte anskaffing.	Kontrakt er inngått, avgjerd i nemnda føreligg ikkje.
	12.01.11	Helse Stavanger har gjennomført ein open anbodskonkurranse vedrørende anskaffing av stråleterapimaskiner. Klager, Scanex Medical Systems AS, hevder at klager sitt tilbod er urettmessig avvist frå konkurransen, fordi det ikkje kan vere vesentleg at eitt underpunkt i kravspesifikasjonen ikkje er svart på slik anbodsdokumenta	Klagen er trek tilbake og saka avslutta per 24.01.11.

		indikerar. Det konkrete punktet gjelder ein type serviceavtale som vil vere uaktuell for det system av stråleterapi som klager har levert tilbod om.	
<b>Sivilombudsmannen</b>	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		